



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

13.08.2026

Vår ref:

2026/10953

Dykkar dato:

11.06.2026

Dykkar ref:

202317822

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - konsesjonssøknad- Nye Dyrstad kraftverk - Bremanger

Statsforvaltaren er positiv til å utvide produksjonen i Dyrstad kraftverk, men utvidinga bør basere seg på eksisterande inntakslokalitet for å unngå omfattande inngrep i ein viktig naturtype. Det er planlagt eit svært høgt vassuttak, og det bør stillast vilkår om minstevassføring minst tilsvarende alminneleg lågvassføring.

Vi viser til høyringa av søknad om oppgradering og utviding av Dyrstad kraftverk.

Kva søknaden gjeld

Dyrstad kraftverk skal oppgraderast og utvidast, med nytt inntak og dam i Ytre Stølsvatnet på kote 321,6, nye vassvegar, og ny kraftstasjon ved fjorden på kote 4. Årleg energiutbytte vil auke frå 4,6 til 10,2 GWh/år.

Det er planlagt røyrgate frå nytt inntak ned til det eksisterande inntaket ved Dyrstadstøylen, og ny røyrgate frå eksisterande kraftstasjon ned til ny kraftstasjon ved fjorden på kote 4. Det er òg planlagt å overføre bekken forbi Dyrstadstøylen via røyr til inntaket i Ytre Stølsvatnet. Vidare er det søkt om å få auke eksisterande regulering i Dyrstadvatnet (Storevatnet) frå ein til to meter, ved å senke lågaste regulerte vasstand (LRV) med ein meter. Ytre Stølsvatnet vil ikkje bli aktivt regulert, men vasstanden vil likevel kunne variere med inntil 0,5 meter ved drift av kraftverket.

Det nye kraftverket er planlagt med slukeevne på 3,4 x middelvassføringa, og minstevassføring på alminneleg lågvassføring frå Dyrstadvatnet til Ytre Stølsvatnet, og på 24 prosent av alminneleg lågvassføring nedstrøms inntaket i Ytre Stølsvatnet. I bekken som skal overførast til Ytre Stølsvatnet er det ikkje planlagt å sleppe minstevassføring.

Vår vurdering

Opprusting/utviding av eksisterande kraftverk kan bidra til å nå nasjonale mål om energiutbygging, og vil ofte vere å føretrekkje framfor å byggje ut nye vassdrag. Samfunnsnytta av utbygginga skal likevel vegast opp mot ulemper for mellom anna naturmiljø og landskap. Ein eventuell konsesjon må føresetje at utbygginga kan gjennomførast i tråd med miljøprinsippa i naturmangfaldlova § 8 – 12.

Vassdraget inngår i eit større område som er svært prega av eksisterande inngrep, men Ytre Stølsvatnet og elveløpa nær vatnet ligg i eit landskapsrom med naturpreg, utan dominerande

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



inngrep. Dagens steinterskel i utløpet vil bli erstatta av ein lausmassedam som er to meter høgare enn vassoverflata. I tillegg vil inntaksanlegget, røyrgate og permanent vegtilkomst føre til varige inngrep.

Rennande vatn, altså elvar som blir påverka av ei utbygging, inngår i naturtypen elvevassmassar, ein raudlista naturtype med status nær trua (NT). I Artsdatabanken er det peika på at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad, og at resterande bekkeløp dermed har fått auka verdi, for mellom anna fisk, insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Vi legg generelt til grunn at nye naturinngrep blir avgrensa så langt som råd ved ei eventuell utbygging, og at området blir tilbakeført i tråd med moderne praksis basert på naturlege terrengstrukturar og naturleg frøbank.

Naturmangfald

I miljørapporten er vassdragsstrekninga vurdert til å ha «middels verdi», ut frå at elva har moderat tilstand på grunn av eksisterande regulering, og ikkje har anadrom fisk eller ål. Bekken som skal overførast til Ytre Stølsvatnet, og som i dag kjem rennande naturleg inn i dagens inntak, er derimot eit naturleg elveløp som vil bli totalt tørrlagt sidan det ikkje er planlagt å sleppe minstevassføring. Vidare går det fram av rapporten at det er førekomst av sjøaure på ei strekning nedst i Dyrstadelva.

Kartlegginga av terrestriske naturtypar er basert på feltkartlegging etter gjeldande instruks i relevant tidsperiode. Ved Dyrstadstøyle er det registrert ein gamal furuskog med gamle tre, med høg kvalitet og sentral økosystemfunksjon, og som har «stor verdi». Det er påpeika i miljørapporten at det «.. inngår veldig gamle dødvedelementer... Den furudominerte skogen virker veldig gammel. Mange furutrær har den typiske utforminga som kjennetegner en alder på flere hundre år, blant annet flate trekroner, panserbark og forvridde og tykke greiner». Det blei ikkje registrert raudlista artar i lokaliteten, men det er nemnd i rapporten at det er potensial for funn av raudlista lavarter tilknytt gamle furutre i det eldste skogspartiet på platået, spesielt knappenålslav, som kan være vanskelege å oppdage i felt.

Feltkartlegginga omfatta ikkje fugl, og det er vurdert i rapporten at informasjon om fugl er mangelfull. Vi er samde i den faglege vurderinga av at influensområdet har gode kvalitetar for fugl, då gamle tre og daud ved vil ha høg insektproduksjon som gir godt næringsgrunnlag for mange fuglar. Vi kan legge til at dette kan gjelde artar av nasjonal forvaltingsinteresse som tretåspett (raudlista - NT), kvitryggspett og dvergspett, og at viktige leveområde for desse artane er under press på grunn av utbyggingsaktivitet.

KU-vurderinga av samla konsekvens for naturmangfald er «middels negativ», på grunn av betydeleg miljøskade i lokalitet med sentral økosystemfunksjon. Påverknaden i Dyrstadelva og i influensområdet til elva er vurdert til «noe miljøskade», som vanlegvis vil gi konsekvensgrad «noe negativ».

Søknaden og miljørapporten viser at dei største negative konsekvensane ved ei utbygging vil kome som følge av hogst og inngrep i den gamle furuskogen, og av redusert vassføring i elvane. Det er røyrgata frå planlagt inntak i Ytre Stølsvatnet og overføringsrøyrret frå bekkene nord for Dyrstadstøyle som i hovudsak vil føre til inngrep i naturtypelokaliteten. Desse inngrepa vil kome som følge av ønsket om å oppnå ytterlegare 11,6 meter fall.

Som avbøtande tiltak i skoglokaliteten er det foreslått i miljørapporten å leggje om røyrgata for å redusere eller unngå hogst av gamle tre. Dersom tre likevel må hoggast, bør daud ved få liggje att til naturleg nedbryting. Miljørapporten gir likevel ikkje konkrete forslag til alternativ plassering av røyrgata. Dette vil uansett vere vanskeleg, ettersom grensa for den kartlagde skoglokaliteten i stor



grad følgjer grensa for det området som blei kartlagt. Det er dermed ukjent i kva grad den verdifulle gammalskogen held fram utanfor dekningskartet. Flyfoto tyder på at det er ein heil del slik skog i arealet som grensar til lokaliteten. Eit stort skogareal vil naturleg nok ha større naturverdi enn eit lite, og vi meiner at det bør prioriterast å unngå vesentlege inngrep i skogen i området. Dette ser det ikkje ut til å kunne oppnåast ved å leggje røyrgate gjennom lokaliteten.

Det er nemnt i søknaden kap. 2.2 at overføringa av bekken vil utgjere ein viktig del av det nye kraftverket, men det er ikkje opplyst kor stor energivingsten er av dette tiltaket. Overføringsrøyrret er planlagt å ligge i dagen, for å kunne avgrense inngrepa i den gamle furuskogen. Generelt meiner vi at alle vassvegar i utgangspunktet bør gravast ned eller gå i tunnel. I dette tilfellet er det særleg naturmangfaldet som legg premissar, og det vil vere avgjerande å kunne avgrense inngrepsbreidda for å spare gamle tre, og i tillegg unngå å skade rotsystemet for tre utanfor inngrepssona.

Norsk Vannkraft viser i dokumentet «presentasjon av prosjektet til høringsparter» (oversendt 29.6.26) ein illustrasjon av ei mogleg løysing som eit avbøtande tiltak, med overføringsrøyrret lagt på pukkseng i ein trasé med breidde som er redusert frå 10-15 meter til 5 meter. Ei slik løysing kunne ha ført til mindre inngrep i naturtypelokaliteten, men da burde pukksenga ha ei breidde på maksimalt ein meter (slik illustrasjonen i presentasjonen viser), få eit tynt jorddekke, og få lov til å gro igjen over tid med lokal vegetasjon. Dessverre er dette ikkje realistisk å få til ved bruk av gravemaskin i terrenget, og den nemnde illustrasjonen er ikkje realistisk.

Utvida regulering av Dyrstadvatnet er vurdert i ein eigen miljørapport. Endringa vil redusere frekvensen av flaumar og føre til jamnare vassføring. Det betyr at naturtypelokalitetane vil kunne bli utsett for mindre tilførsler av vatn, og at myrområde kan bli endra frå våtmark til skog. Rapporten seier at dei gamle furutrea på myra, og som er avgjerande for naturverdien i lokaliteten, ikkje er avhengig av vassføringa i elva, og at konsekvensen vil vere «ubetydelig». Utjamninga av vassføringa er òg venta å få «ubetydelig» konsekvens for naturtypen elvelvassmassar.

Det går fram av miljørapporten s. 21 at dei nedste 50 metrane av Sagvikelva er tilgjengeleg for oppvandring av anadrom fisk, og at «... Med gode forhold for smoltproduksjon kunne totalproduksjonen komt opp i 30 smolt per år, noe som er for lite til å regnes som egen bestand». Elva bidreg dermed med noko sjøauresmolt til fjordsystemet, sjølv om produksjonen er for liten til å utgjere ein eiga bestand. Det er ikkje utført noko kartlegging eller fiskefagleg vurdering av anadrom fisk i saka, utover det vi har nemnt ovanfor.

Det eksisterande kraftverket har avløp på kote 42, som ser ut til å vere ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk, altså i tråd med etablert praksis ved småkraftutbygging. Det nye kraftstasjonsavløpet er planlagt på kote 4, med avløp direkte til sjøen. Vi etterlyser ei vurdering av konsekvensar og eventuelle avbøtande tiltak for sjøaure.

Landskap, friluftsliv

Eksisterande reguleringssone i Dyrstadvatnet er godt synleg på flyfoto, og utgjør allereie eit monaleg landskapsinngrep. Planlagt senking av vasstanden i Dyrstadvatnet vil auke reguleringssona i vatnet. Kart i figur 2-1 i søknaden viser tørrlagt strandsone ved ny LRV, og tørrlagt areal er estimert til om lag 20 dekar. Vi har derimot ikkje klart å finne noko i søknaden eller vedlegga om kva endringa frå dagens regulering vil utgjere. Ut frå nemnde flyfoto og kart ser det ikkje ut til å vere så stor forskjell.

Det går fram av søknaden at det er fleire turstiar i området, og at Dyrstadvatnet blir nytta til fiske. Det er venta at tiltaket vil få konsekvens «noe miljøskade» for friluftsliv, ut frå at påverknaden «noe forringet». Vi oppfattar at dette i hovudsak vil gjelde lokale friluftsliv- og fiskeinteresser, og vi reknar med at kommunen eller lokale brukarinteresser eventuelt vil kome med innspel i saka.



Miljøbasert vassføring / minstevassføring

Foreslått minstevassføring nedstraums planlagt inntak er på berre om lag ein fjerdedel av alminneleg lågvassføring. Det er i utgangspunktet positivt at det skal sleppast minstevassføring på ei strekning som i dag er tørrlagt i store periodar, men samtidig er det planlagt å nesten tredoble kapasiteten i kraftverket. Planlagt slukeevne på 3,4 x middelvassføringa er svært høg samanlikna med dagens kraftverk (1,2 x middelvassføringa), men òg i høve til vanleg vassutnytting på inntil om lag 2 x middelvassføringa for småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Elva vil unngå å bli heilt tørrlagt som i dag, men vil miste så å seie all naturleg dynamikk, og vil ha stabil svært låg vassføring, og som ikkje representerer ei naturleg lågvassføring for elva.

Ut frå dette meiner vi at minstevassføringa bør hevast til nivå med alminneleg lågvassføring, i tråd med hovudregelen i vassressurslova § 10 første ledd. Det er nemnt i miljørapporten at det er svært få naturverdiar knytt til elva i dag, men det kan naturlegvis skuldast at elva har gått tørrlagt i store delar av året, og at sjøaurestrekinga nedst i elva ikkje er vurdert.

Dersom bekken ved Dyrstadstøylen skal overførast, må det stillast same krav til minstevassføring i denne. I tilleggssnotatet er det opplyst at slukeevna i overføringsrøyrret vil vere minimum fire gonger middelvassføringa, og at det vil bli overløp berre 6-14 døgn per år. Elva, som i dag renn fritt gjennom ein naturskog med høge kvalitetar, vil dermed bli tilnærma permanent tørrlagt slik utbygginga er planlagt. Konsekvensvurderinga i miljørapporten har lagt til grunn at det skal sleppast minstevassføring, og at negativ verknad og konsekvens av ei utbygging elles vil bli høgare.

Konklusjon og tilråding

Nye Dyrstad kraftverk kan bidra med auka produksjon av fornybar energi, men slik prosjektet er planlagt, vil det bli omfattande inngrep i ein viktig lokalitet med gammal furuskog. Dyrstadelva, som i dag kan gå tørr i periodar, vil få fastsett noko minstevassføring. Det er uavklart om og i kva grad tiltaket kan påverke ein førekomst av sjøaure.

Ei vidareutbygging av Dyrstadelva bør baserast på eksisterande vassinntak. Dette vil innebære at 11,6 meter ytterlegare fallstrekning ikkje kan utnyttast, men det blir ikkje behov for røyrgate frå Ytre Stølsvatnet, og vatnet i bekken nord for Dyrstadstøylen kan utnyttast som i dag, utan å leggje overføringsrøyr i viktig naturmiljø. Vi vurderer at den marginale auka ikkje kan forsvare det omfattande inngrepet.

Det bør sleppast minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring, eller slukeevna i kraftverket bør reduserast ned mot vanleg nivå for småkraftverk, for å ivareta meir naturleg dynamikk.

Det bør utgreiast nærare om og eventuelt i kva grad sjøauren vil bli påverka, og det bør vurderast avbøtande tiltak for oppretthalde ein førekomst.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Bremanger kommune

Postboks 7900
Postboks 104

5020
6721

BERGEN
SVELGEN